

# Rektor - Fagskolen i Hordaland

Hordaland fylkeskommune



## HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Opplæringsavdelinga i Hordaland fylkeskommune gir vidaregåande opplæring til alle. Målet er å førebu til yrkesliv og høgare utdanning. Vi gir òg opplæring til alle med særskilte behov. Gjennom vidaregåande skular, fagskular, lærlingordning og vaksenopplæring gir vi Hordaland viktig kompetanse.

Fagskoleutdanningar er korte yrkesretta utdanningar som byggjer på fullført vidaregåande utdanning. Hordaland fylkeskommune har per i dag tre fagskolar under paraplyen Fagskolane i Hordaland, ein helsefagskole, ein teknisk fagskole og ein maritim fagskole. Dei tre fagskolane har studiestadar fleire stadar i Hordaland med størst aktivitet i Bergen. Skolane har eitt felles styre som er styringsorgan for Fagskolane i Hordaland. Rektor er skolen sin øvste administrative og faglege leiar.

Bergen tekniske fagskole og Bergen maritime fagskole vert slått saman til éin fagskole 01.01.2017 og får namnet Fagskolen i Hordaland. Den nye fagskolen vert den største fylkeskommunale fagskolen i landet med om lag 1100 fagskolestudentar fordelt på 15 heiltids- og deltidsutdanningar og om lag 110 tilsette. I tillegg vil Fagskolen i Hordaland ha eit breitt utval av både kursverksemd og oppdragsverksemd.

Fagskolen i Hordaland vil ha NOKUT-godkjente tilbod innan tekniske fag som til dømes elkraft, maskin, bygg, anlegg og petroleum, maritime fag, grøne og marine fag. Fagskolen i Hordaland skal ha eit svært godt samarbeid med arbeidslivet og utdanningane må ha yrkesrelevans i samsvar med lovkrav. Fagskolen må også ha eit godt samarbeid med vidaregåande skolar både i høve til fagleg utveksling, sambruk av relevant utstyr og rekruttering av studentar.

Les meir om Fagskolane i Hordaland på heimesida: [www.hordaland.no/fagskole](http://www.hordaland.no/fagskole)

Vi søker etter ein rektor som:

- Leiar og utviklar skolen i samsvar med styret sitt ansvar for studentane sitt læringsmiljø, kvalitet i utdanninga og fylkeskommunen sitt samfunnsoppdrag i høve til kompetanse og arbeidskraft.
- Legg til rette for å utnytte fagleg kompetanse, gir rettleiing og støtte i arbeidet med å byggje fellesskap i organisasjonen med sikte på gode læringsprosessar for studentane.
- Utøver strategisk leiing og legg til rette for utviklingsprosessar, kompetanseutvikling, læring og kulturbygging i fagskolen som organisasjon.
- Har eit avklart forhold til rolla som arbeidsgjevar med god forståing av lov og avtaleverk, og arbeider i samsvar med vedtak i fagskolestyret, samt politiske og administrative vedtak.
- Tek avgjerder og følgjer opp vedtak ved å gjennomføre endringar / endringsprosessar slik at fagskolen kan tilpasse seg til oppgåver og kontekst til ei kvar tid.
- Vidareutviklar føremålstenlege overgangar mellom fagskole og høgskolar, samt gode samarbeidsmodellar med relevant næringsliv og kompetansmiljø.
- Har reflekterte visjonar, god fagleg forankring og er oppteken av å skape eit godt arbeidsmiljø for skolen si pedagogiske utvikling.

Stillinga er ledig frå 1. januar 2017.

## Kvalifikasjonar

- Rektoren må ha god kjennskap til fagskolelova, anna relevant lov- og avtaleverk, samt NOKUT sine krav til kvalitet i utdanninga. Det er også ønskeleg at rektor har pedagogisk kompetanse.
- Utdanning innan leiing og organisasjonsutvikling er ønskeleg. Erfaring frå vidaregåande opplæring, fagskole eller høgskole er ein fordel.
- Kunnskap om økonomistyring.
- Kunnskap om IKT til administrativ og pedagogisk bruk.
- Erfaring frå organisasjons- og leiararbeid.
- Alle nyttilsetjingar i Hordaland fylkeskommune blir gjort med ei prøvetid på 6 månader.

## Personlege eigenskapar

- Har nødvendige leiareigenskapar.
- Er sosial og inkluderande og byggjer gode relasjonar.
- Har stort engasjement og evne til å motivere.
- Har gode kommunikasjonssevner og evne til samarbeid.
- Er reflektert og resultat- og løysingsorientert.
- Arbeider strukturert og systematisk.

## Andre opplysningar

- Reiseaktivitet: Du må rekne med å måtte reise noko i samband med jobben

## Søknadsfrist:

14.08.2016

## Nøkkelinformasjon:

Annonsør:  
Hordaland fylkeskommune

Ref. nr.: 3135913181  
Stillingsbrøk: 100%  
Fast  
Startdato: 01.01.2017  
Tal på stillingar: 1

## Kontaktinfo:

Hillevi Elizabeth Runshaug  
regionleiar  
48045397  
hillevi.runshaug@hfk.no

## Søjkriterium:

### Stad

Bergen

### Bransje

Fylkeskommune /  
Kommune

### Fagfelt

Leiing  
Undervisning / Opplæring

### Rolle

Leiar

## Arbeidsstad:

Haugeveien 28, 5005  
Bergen



[Vis arbeidsstaden på eit større kart](#)